

**Det er framleis høve til å melda seg på til Bøkkervelden laurdag. Til no er det 25-30 på lista og det er arrangøren nøgd med så langt. Med 40-50 gjester i sjøbua kan det bli ein fin og stemningsfull midtsommarfest på Rød. Det er frammøte på kaien klokka 21 og hvis veret er fint vert opninga og kåseriet til Svein Rimestad (biletet) ute.**



Jazzgruppa som spelar før og etter bålbreninga består i år av Leif Henrik og Kjell Borge Olsen, Bjarne Øymyr og Stein Haugen.

Kom gjerne med båt, seier arrangøren, som viser til den store kaien med god djupne som gjer det trygt og godt å leggja til.

Menyen er som alltid før lubbesild, poteta og flatbrød.

Ring 915 31 487 og meld deg på!